



## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:  
2017/110-70

Sakshandsamar:

Dato  
30.01.2025

### REFERAT KOMMUNEDIREKTØRUTVAL 270125

Møtestad: Kommunehuset, Evje og Hornnes kommune  
Møtetidspunkt: 23. september kl 1000 - 1300  
Desse møtte: Vidar Homme, Valle kommune  
Frantz A Nilsen, Evje og Hornnes kommune  
Aslak Brekke, Bygland kommune  
Kåre Einar Larsen, Åseral kommune  
Karina Sloth, Bykle kommune (forlot møtet kl 1300)

Forfall:

Sak	Merknad	Ansvar /frist
<b>1 - Godkjenning av referat frå førre møte</b> Godkjent.		
<b>2 - Interkommunalt samarbeid – sak</b> Ref. konklusjon i møte i arbeidsutvalet 13. januar om at kommunedirektørane utarbeider felles sak til handsaming i kommunestyra. Generell drøfting. Semje om at Vidar og Karina jobbar med å utarbeide felles saksframlegg, resten av utvalet kommenterer undervegs i skriveprosessen.		Vidar og Karina
<b>3 – Forventning til sekretær</b> Utsetjast til neste møte.		
<b>4 - Samsnakk status i kvar enkelt kommune</b> Runde rundt bordet. Gjensidig informasjonsutveksling og spørsmålsrunde.		

<p>Bolken vart avslutta med ein generell runde rundt bordet vedkomande flyktningsituasjonen, konsekvensar i kommunane osv. Føremålstenleg å ha ei slik kunnskapsdeling framover.</p>		
<p><b>5 – Rapportering – ref årshjul</b></p> <p>Eigarskapsoppfølging v/Vidar:  <b>Aama:</b> Vidar rekapitulerte fjorårets arbeid med ny selskapsavtale. Merk representantskapsmøta.</p> <p><b>Å Energi/vindkraft:</b> Ref. førespurnad frå styret til eigarane som gjeld formuleringar knytt til investering i eksisterande vindkraftverksemd. Merk at det er to ulike fristar: utgangen av februar for eigarskapsmelding, medan avklaringsførespurnaden (ja/nei) om formulering er i mai.</p> <p><b>KIKS:</b> Selskapet arbeider med risikostrategi, noko som var tema på møtet i porteføljeutvalet i haust. Einig om å oppfordre til at vi er godt representerte i arbeidet. Differensiert risikostrategi er viktig for å take omsyn til at deltakarkommunane har ulik økonomi og ulikt behov for konsesjonskraftinntektene, og slik sikre oppslutning om selskapet.</p>		
<p><b>6 - Prosjekt – forebygge og redusere utanforskap blant unge</b></p> <p>Ref. diverse e-postar til utvalet frå leiar av oppvekstutvalet, Line Håberg Løvdal, og Kari Veggeland, Agder fk.</p> <p>Runde rundt bordet. Konklusjon: utsetjast i påvente av intern avklaring i kvar kommune. Rita melder tilbake til Kari/Line at vurderinga i kommunedirektørutvalet er utsett til neste møte.</p>		Rita
<p><b>7 - Orientering frå representant KDU</b></p> <p>Frantz orientere. Gjennomgang av saksliste til kommande KDU. Digi Agder/e-helse/RKG/IKT Agder – kven jobbar med kva? Behov for forenkling av struktur.</p>		
<p><b>8 Diverse</b></p> <p>Nytt forsøk på å ta i bruk teams-område for kommunedirektørutvalet?  Konklusjon: utvalet bør bruke teams. Rita fikser nytt område.</p> <p>Andre tema under diverse ble utsett.</p>		Rita

Med helsing  
Setesdal interkommunalt politisk råd